



MØTEBOK

Kven: **Ryfylke vassområdeutval og arbeidsgrupp**

Tid: 14.06.2022, 09.30-13.45

Stad: Kommunestyresalen, Jørpeland

Saker

Sak 06/22: Godkjenning av møteinnkalling

Sak 07/22: Orientering om vassforvaltningsarbeidet

Sak 08/22: Utkast til Årsrapport 2021 – Ryfylke vassområde

Sak 09/22: Utkast til arbeidsplan for 2022-23

Sak 10/22: Overvakingsprogram 2022-2027

Sak 11/22: Diskusjonssaker

Sak 12/22: Eventuelt

Før møte var det synfaring

a) Ved den nye kyrkja i Tau sentrum. Bekken er lagt om og det har vore ein del utfordringar i forhold til flaumtilpassing og biologisk mangfald. Øystein Otto Toppe (Strand kommune), Vegard Næss (Rogaland fylkeskommune) og Knut Ståle Eriksen (Rogaland NJFF) orienterte.

b) Strandåna. Vassdraget er kartlagt både i forhold til sjøaureprosjektet og tilstandsvurdering (eutrofi). Våren 2021 var det eit gjødselutslipp i bekken. Jarle Lunde orienterte.



Sekretariat:

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand. Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)

E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no. Nettside: <http://vannportalen.no/ryfylke>

Til stades/ikkje til stades

Vassområdeutval	Medlem	Møtt	Varamedlem	Møtt
Hjelmeland kommune	Silje Sværen	X	Morten Hetland	
Sauda kommune	Kristian Landro	X	Asbjørn Birkeland	
Strand kommune	Petter Korneliussen	X	Kalle Stokka	
Gjesdal kommune	Trygve Ravndal	Forfall	Hanne Tove Hildal	
Suldal kommune	Magne Langeland	Meldt forfall	Iren Klungtveit Slagstad	Meldt forfall
Ullensvang kommune	Dag Sverre Ekkje	Meldt forfall	Lars O. Seim	Meldt forfall
Sandnes kommune	Inger Lise Erga	Meldt forfall	Jan Refsnes	X
Rogaland fylkeskommune	Kristoffer Amdal	Meldt forfall	Ragnvald Nilsen	Meldt forfall

Arbeidsgruppa

Hjelmeland kommune	Torborg Kleppa	X	
Gjesdal kommune	Gudrun Kristensen	X	
Sandnes kommune	Monica Nedrebø Nesse	X	
Sauda kommune	Øyvind Ljung	X	
Strand kommune	Trond Leirflåt	Meldt forfall	
Suldal kommune	Torill Telstad	Meldt forfall	
Ullensvang kommune	Torstein Backer-Owe	-	Møter berre etter sak/behov
Vinje kommune	Anne-Sofie Bergene Strømme	-	Møter berre etter sak/behov
Bykle kommune	Sigrid Bjørgum	-	Møter berre etter sak/behov
Statsforvaltaren i Rogaland, landbruksavd.	Monica Dahlmo	X	
Statsforvaltaren i Rogaland, miljøvern avd.	Ørjan Simonsen	X	

Andre:

Rogaland fylkeskommune	Anneli Vatshaug Jenssen	X	
Ryfylke vassområde, sekretariat	Jarle Lunde	X	

Møteboka er elektronisk godkjend av deltakarane i møte.

Sand 19.08.2022

Jarle Lunde

vassområdekoordinator

Sak 06/22: Godkjenning av møteinnkalling

Framlegg til vedtak

Ryfylke vassområdeutval godkjenner innkallinga til møtet.

Behandling

Ingen merknad

Framlegg til vedtak blei einstemmig vedteke.

Vedtak

Ryfylke vassområdeutval godkjenner innkallinga til møtet.

Sak 07/22: Orientering om vassforvaltningsarbeidet

Runde rundt «bordet»:

Sauda

- Jobbar mykje med nytt avløpsanlegg. Mye tid til innkøying. Blir gjennomført sanering av avløpsledingar og tilknytning til det nye reinseanlegget. Mangeårig prosjekt.
- Utslepp av boreslam i Risvollelva i 2021. Blir følgt opp av NVE
- Planlegg riving av dam ved Fosstveit, Risvollelva

Hjelmeland

- Vurderer om Forskrift om spreidd avløp er for streng. Spørsmålet er om Hjelmelandsfjorden som resipient tole belastninga. Saksutgreiing på veg.
- Vassområde har fått tilstandsvurdert Haukjeåna og Hjelmelandsåna, begge i god tilstand.
- Har hatt utslepp frå gjødselkjellarar. Tilskott for utbetring av gjødselsportar bør aukast

Gjesdal

- Vassområde har fått kartlagt miljøtilstand i fleire bekker i Dirdal. Alle i god tilstand, unntatt Dokkolbekken som var i moderat tilstand.

Strand kommune

- Det blir arbeid med flaumplan

Sandnes

- Arbeider med saneringsplan for spredt avløp
- Fokus på vassforvaltning i arbeid med kommuneplan

Statsforvaltar

- Det er redusert tilskott til kalking. Utfordrande.
- Det er fordelt midlar til vassområda i forhold til overvaking
- Det er auka midlar til Regionalt miljøprogram, satsane er bl a auka for miljøvennleg gjødselspreiing og ugjødsle randsone
- Fokus på vaskevatn frå hønsehus

Vassregionmyndigheit/Fylkeskommune

- Direktoratene har sendt tilråding om godkjenning av Regionalplan for vassforvaltning til

Klimamiljødepartementet (KLD). KLD vil i samråd med andre departement komme med eit vedtak tidleg i haust. God tilbakemelding om planen i tilrådinga, men poengterer bl a at det manglar kost/nytte vurdering av tiltak og at avløp må sterkare inn i planen (minimum leggst inn i vann-nett at «tiltak som er vedtatt i kommunens planer, tiltak som kommunene er pålagt av statsforvalteren, og at alle vannområdene legger inn kartlegging av separate avløp der denne oversikten ikke finns».

Vassområdekoordinator

- Det har vore oppstartsmøte for revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal-Suldal (Lyse kraft DA, Ullensvang kommune, Suldal kommune og NVE). Lyse vurderer i samband med revisjonen opprusting av anlegga.
- NVE legg opp til offentlig synfaring i samband med Ulla-Førre revisjonen til hausten
- NVE har nyleg vedteke å kalla inn Tau kraftverk i Tauvassdraget til konsesjonsbehandling. NVE meiner det føreligg «sterke miljømessige omsyn» knytt til vassdraget og at slepp av minstevassføring må vurderast for å sikre verdiane knytt til vassdraget.
- Det er planlagt ei rekkje tiltak i 2022 i samband med sjøaureprosjektet. Gjennomføring til hausten.
- Ecofact er tildelt oppdrag med å lage ein tiltaksanalyse for sidebekkane til Dirdalåna
- Norce er tildelt oppdrag med å gjennomføre ein tilstandsvurdering av ei rekkje bekkar i Strand og Hjelmeland

Framlegg til vedtak

Ryfylke vassområdeutval tek saka til orientering.

Behandling

Ingen merknad

Framlegg til vedtak blei einstemmig vedteke.

Vedtak

Ryfylke vassområdeutval tek saka til orientering.

Sak 08/22: Utkast til Årsrapport 2021 – Ryfylke vassområde

Forslag til årsrapport er vedlagt. Utkast er revidert og godkjent av arbeidsgruppa.

Framlegg til vedtak

Ryfylke vassområdeutval godkjenner «Årsrapport 2021» slik den er framlagt.

Behandling

Ingen merknad

Framlegg til vedtak blei einstemmig vedteke.

Vedtak

Ryfylke vassområdeutval godkjenner «Årsrapport 2021» slik den er framlagt.

Sak 09/22: Utkast til arbeidsplan for 2022-23

Arbeidsplan rullerast årleg. Forslag til arbeidsplan for 2022/23 er vedlagt. Utkast er revidert og godkjent av arbeidsgruppa.

Framlegg til vedtak

Ryfylke vassområdeutval godkjenner «Arbeidsplan for Ryfylke vassområde 2022/23» slik den er framlagt.

Behandling

Det blei foreslått å leggje til følgjande punkt:

-Auka informasjon om utbetring av gjødselsportar og plassering av rundballar.

Framlegg til vedtak, med endringsforslag, blei einstemmig vedteke.

Vedtak

Ryfylke vassområdeutval godkjenner «Arbeidsplan for Ryfylke vassområde 2022/23» slik den er framlagt med følgande tilleggspunkt:

- Auka informasjon om utbetring av gjødselsportar og plassering av rundballar.

Sak 10/22: Overvåkingsprogram 2022-2027

I vassområde sin aktivitetsplan for 2021-22 heiter det: «Lage eit felles overvåkingsprogram med sikte på oppstart i 2022». Denne saka svarar på dette.

Det blir her lagt fram eit forslag til kva vassførekomstar som skal undersøkast, prioritering, finansiering og gjennomføring. Saka har tidlegare vore drøfta i arbeidsgruppa.

Bakgrunn

Overvaking er ein del av vassområdet sitt arbeid med å oppnå god miljøtilstand i vassførekomstane.

Det er ei rekkje ulike planar/program for undersøkingar av vassførekomstar. Dette er t.d. overvaking i forhold til forsuring, badevasskvalitet, drikkevasskvalitet, gytefisktellingar, kystovervaking, elvemusling med meir. Det er ulike sektormyndigheiter som har overvaking. Det visast til [Regionalplan for vannforvaltning for Rogaland vannregion 2022 - 2027](#).

Dette overvåkingsprogrammet gjeld for vassførekomstar der ein kjenner til, eller antek lokal påverknad frå landbruk og avløp (eutrofiering/organisk belastning). Overvakinga har til hensikt å avdekke og sjå utviklinga av den økologiske tilstanden i innsjø og elver, slik at vassområde har eit godt kunnskapsgrunnlag i sitt arbeid med å forbetre vassmiljøet.

Overvåkingsprogrammet er ei vidareføring av undersøkingar dei siste åra. Det blir systematisert og prioritert vassførekomstar og ser dette i forhold til kostnad og finansiering.

Prioritering av vassførekomstar

Det blir foreslått følgjande kriteria for val av vassførekomstar og prioritering:

- Alle aktuelle vassførekomstar med påverknad frå eutrofiering/organisk belastning bør i utgangspunktet undersøkast i perioden, men prioriterast frå 1 til 3 (høg-låg). Kriteria er
 - Vassførekomstar som tidlegare ikkje har fått godkjent tilstand prioriterast høgt
 - Vassførekomstar som er særleg prioritert i gjeldande vassforvaltningsplan prioriterast høgt (i forhold til forureining og eller elvemusling)
 - Vassførekomstar som ikkje tidlegare er undersøkt og der det er mistanke om påverknad prioriterast høgt.
 - Vassdrag som store brukarverdiar prioriterast høgt (drikkevatt, bading, fiske osv)
- Innsjøar som blir prioritert bør undersøkast ein gong i perioden.
- Bekkar/elver som blir høgt prioritert bør undersøkast om lag kvart 3 år, andre sjeldnare.
- Ein skal i mest mogleg grad nytte tidlegare anvendt og godkjent metode etter vassforskiatarbeidet, slik at ein kan få ein tidsserie med samanliknande data.

Basert på dei nemnde kriteria er forslag til overvaking gitt i matrise nedanfor («Overvaking 2022-27 – matrise»).

Erfaringsvis kan det kome fleire vassførekomstar til, blant anna som følgje av ny kunnskap, endringar i arealbruk og påverknadar. Det må derfor vere rom for endringar i perioden. Det går og fram av vedlegget at vassførekomstar som tidlegare ikkje er undersøkt er kome med. Desse har i hovudsak antatt liten påverknad, men bør «sjekkast ut».

Metodikk og kostnad

For å overvake økologisk miljøtilstand nyttast ulike *kvalitetselement* avhengig av påverknad og type vassførekomst. Den reviderte klassifiseringsveileder (Veileder 02:2018) angir kva kvalitetselement med tilhøyrande indekser som skal nyttast.

I bekk/elv nyttas kvalitetselementa botndyr og fast sittande algar. I innsjø nyttas i hovudsak planteplankton. For å finne miljøtilstand i ein vassførekomst, kan ein forenkla si at man ser på arter og artssamansetninga, og samanliknar det man kva man ville ha funnet i vassførekomstens naturlege tilstand.

Erfaringsvis har undersøking i rennande vatn kosta om lag 20.000 pr stasjon. Undersøking i innsjø er meir ressurskrevjande og er kostnadsrekna til 75.000. Kostand for sistnemnde har variert mykje i tilbod som har vore gitt.

Finansiering

Midlar for 2022 er fordelt og det er planlagt overvaking i ei rekkje bekker med hovudvekt på Strand kommune. Finansieringa blir dette året med midlar frå Statsforvaltar (75%) og Fylkeskommunale vassforvaltningsmidlar (25 %) etter innvilga søknad.

Ein kan i åra som kjem ikkje basere seg på Fylkeskommunale midlar til overvaking. Det er signalisert fortsett statlege midlar, om lag 300.000 til Ryfylke vassområde pr år, men og signaler om at kommunane må bidra i større grad økonomisk enn i førre periode (2016-2021). Dette vil kunne forankre vassforvaltningsarbeidet betre i kommunane. I Haugalandet vassområde har ein vedteke ein overvaksingsplan der kommunane står for 20 % av kostnadane. Om ein legg tilsvarande til grunn i Ryfylke vil ein ha eit budsjett på 1.800.000 for femårsperioden 2023-2027.

Med bakgrunn i dette blir det foreslått at kommunane bidreg med 20 % av kostnad i eigen kommune, Statsforvaltar 80 %. Ein må vurdere om ein skal betale inn årlege beløp eller betale eingongsbeløp. Budsjett: 1.800.000,-

Gjennomføring

Representant i arbeidsgruppa spelar inn overvaksingsprogram tidleg i kommunens budsjettprosess, eventuelt fremmar ein politisk sak.

Vassområdekoordinator er ansvarleg for å få gjennomført overvakinga. Kva vassførekomstar som skal veljast ut for undersøking det enkelte år gjerast saman med arbeidsgruppa basert på denne planen.

Matrise – Overvakingsprogram 2022-2027

ID	Vannforekomst	Økol. Tilstand, vann-nett	Kommune	Tidlegare undersøking og resultat, økologisk tilstand.								Overvakingsplan 2022-2027. Antall undersøkingar i 2022-27.				Merknad
				2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	23-27	Prioritet	Kostnad 2023-27	
030-102-R	Elv	Monabekken nedstrøms utløp Monabekken kraftverk	Moderat	Gjesdal									1	2 (3)	20000	
030-118-R	Elv	Bekkefelt Dirdalsåna *Frøylandsbekken *Skjerabekken *Dokkolbekken	Moderat	Gjesdal									1	2 (3)	20000	
													1	2 (3)	20000	
													2	1	40000	
032-92-R	Elv	Giljabekken nedstrøms utløp Gilja kraftverk	Moderat	Gjesdal									1	2 (3)	20000	
030-132-R	Elv	Frafjordåna bekkefelt	Moderat	Gjesdal										3	0	Undersøkingar i forhold til kalka vassdrag
SUM			Gjesdal												120000	
030-152-R	Elv	Forsandåna nedstrøms utløp Krutlet - Grøndal kraftverk	God	Sandnes									2	2 (3)	40000	
SUM			Sandnes												40000	
032-1680-L	Innsjø	Bjørheimsvatnet	God	Strand									1	3	0	Prioritert vassdrag i regionalplan
032-23082-L	Innsjø	Nordvatnet	God	Strand									1	3	0	
032-23089-L	Innsjø	Krossvatnet	Udefinert	Strand										3		Prioritert vassdrag i regionalplan. Nedstrøms Bjørheimsvatnet.
032-23097-L	Innsjø	Åsvatnet	Moderat	Strand									1	3	0	
033-1679-L	Innsjø	Vostervatnet	Moderat	Strand									0	0	0	Prioritert vassdrag i regionalplan, men inngår i norsk basiskartlegging (?)
032-53-R	Elv	Erekjeret og Høletjørna	Dårlig	Strand									1	1	75000	2018: Høletjørna blei undersøkt som innsjø. Drenerer ut gjennom lausmassar.
032-100-R	Elv	Bekk fra Issavatnet	Moderat	Strand									1	2 (3)	20000	
032-29-R	Elv	Leirangbekken	God	Strand								1	1	3	0	
032-39-R	Elv	Fjellsåna/Tuåna	Moderat	Strand								1	1	1	20000	
032-47-R	Elv	Erevik	Moderat	Strand								1	1	1	20000	Prioritert nedbørsfelt grunna elvemusling
032-55-R	Elv	Strandaåna	God	Strand								1	1	1	40000	To lokalitetar i staden for å undersøke tjern?
	Elv	*Nordlandsvatnet		Strand												2017: Undersøkt som innsjø
032-57-R	Elv	Bekk fra Kvamheia	God	Strand								1	1	3	0	

032-79-R	Elv	Brekkebekken	Moderat	Strand			1	1	1	20000	
	Elv	*Fossabekken					1	1	1	20000	
032-80-R	Elv	Alsvikbekken	Moderat	Strand			1	1	1	20000	
032-81-R	Elv	Tauåna – nedstrøms Bjørheimsvatnet	Godt potensial	Strand			1	1	1	20000	Prioritert nedbørsfelt i regionplan
032-83-R	Elv	Elv fra Nordvatnet	Moderat	Strand			1	1	1	20000	
032-86-R	Elv	Bjørheimsvatnet - Tauåna bekkefelt	Moderat	Strand					3	0	Oppført som høy pålitleghet i vann- nett, men ingen undersøking? Fleire mindre bekker, dels i jordbrukslandskap
032-93-R	Elv	Holtåna nedstrøms utløp Ottar Holta kraftverk	God	Strand			1	1	3	0	
032-97-R	Elv	Bekk ved Fjelle	Dårlig	Strand				2	1	40000	
032-98-R	Elv	Skarbekken	Dårlig	Strand			1	1	1	20000	
033-116-R	Elv	Tilløpsbekker Vostervatnet	Moderat	Strand							Prioritert nedbørsfelt i regionalplan
	Elv	Bekk Lekvam					1	1	1	20000	
	Elv	Bekk Varland					1	1	1	20000	
	Elv	Bekk Kjelva					1	1	1	20000	
Ikkje reg	Elv	Bekk ved Kuvika		Strand			1	1	2 (3)	20000	
033-142-R	Elv	Grødemsbekken nedstrøms utløp Grødem kraftverk	Moderat	Strand			1	1	1	20000	
033-145-R	Elv	Grødemsbekken oppstrøms inntak Grødem kraftverk	Moderat	Strand				1	3	0	Undersøking skjer nedstrøms
SUM				Strand						435000	
033-23044-L	Innsjø	Riskadalsvatnet	God	Hjelmeland				1	3	0	Kjemisk tilstand er dårleg (bly)
035-1859-L	Innsjø	Hetlandsvatnet	Svært god	Hjelmeland				1	3	0	
035-22986-L	Innsjø	Steinslandsvatnet	God	Hjelmeland				1	2 (3)	75000	Elvemusling oppstrøms/nedstrøms.
035-142-R	Elv	Hetlandsvatnet bekkefelt	God	Hjelmeland							
	Elv	*Bekk Flateland					1	1	2 (3)	20000	
	Elv	*Bekk Staurland					1	1	2 (3)	20000	
035-143-R	Elv	Åna nedstrøms utløp Hauskje kraftverk - overføring fra vassdragsområde 034	Moderat	Hjelmeland				2	1 (2)	40000	

035-147-R	Elv	Grøddåna nedstrøms utløp Hjemeland kraftverk	God	Hjemeland				2	1	40000	Elvemusling
035-1-R	Elv	Fisteråna	Moderat	Hjemeland				2	1	40000	Elvemusling
035-358-R	Elv	Fosså - Foss kraftverk	God	Hjemeland				2	2 (3)	40000	
035-359-R	Elv	Jøsenfjorden nord, bekkefelt	God	Hjemeland				2	2 (3)	40000	Aktuell bekk: Skifftunbekken
032-2-R	Elv	Spjotåna	God	Hjemeland				1	2 (3)	20000	
033-117-R	Elv	Nessavatnet med bekker	God	Hjemeland				2	2 (3)	40000	2018: Nessavatnet blei undersøkt som innsjø
033-123-R	Elv	Storåna nedre	God	Hjemeland			1		3	0	
033-152-R	Elv	Ullestadåna nedstrøms utløp Tverråna - Ullestad kraftverk	God	Hjemeland			1		2 (3)	20000	
033-216-R	Elv	Bønaråna nedstrøms utløp Bøen I kraftverk	God	Hjemeland				1	2 (3)	20000	
034-25-R	Elv	Kota	Dårlig	Hjemeland				2	1	40000	
SUM				Hjemeland						455000	
035-24205-L	Innsjø	Nattlandsvatnet	God	Suldal				1	2	75000	
036-1887-L	Innsjø	Mosvatnet	God	Suldal				1	3	0	Renseanlegg. 550 hytter.
036-187-R	Elv	Lovrvatnet bekkefelt	God	Suldal				2	2 (3)	40000	
036-191-R	Elv	Å fra Bergjord	Moderat	Suldal				2	1	40000	Ikkje årssikker vassføring
036-215-R	Elv	Suldalslågen øvre bekkefelt	Moderat	Suldal				3	2 (3)	60000	Aktuell bekk: Kallsbekk, Prestavikjø, Sørstad
036-79-R	Elv	Suldalslågen bekkefelt fra Sandsfossen til Grovafossen	Moderat	Suldal				2	2 (3)	40000	Aktuell bekk: Grovbekken, Brommelandsbekken
SUM				Suldal						255000	
037-120-R	Elv	Svandalselva nedstrøms inntak Djuv kraftverk	Moderat	Sauda				2	1	80000	To lokalitetar pr undersøking
037-142-R	Elv	Storelva bekkefelt	Moderat	Sauda				1	2	20000	
037-71-R	Elv	Sønnå	God	Sauda				2	2	40000	Kloakkklukt av prøven i 2017
037-74-R	Elv	Bekk nedstrøms Rødstjørna	God	Sauda				1	2	20000	
037-7-R	Elv	Moringdalselva - Buerelva nedstrøms inntak Storlivatn kraftverk	Godt potensial	Sauda				2	1	40000	
037-8-R	Elv	Nordelva	Godt potensial	Sauda				2	1	80000	To lokalitetar pr undersøking
037-44-R	Elv	Storelva	Godt potensial	Sauda				2	1	80000	Priotitert nedbørsfelt i regionalplan. To lokalitetar pr undersøking

037-23621-L	Innsjø	Rødstjørna	God	Sauda		1	3	0	
SUM				Sauda				360000	
036-109-R	Elv	Storelva nedstrøms inntak Røldal kraftverk	Moderat potensial	Ullensvang		2	2	40000	
SUM				Ullensvang				40000	
SUM				Vassområde				1705000,00	

Forslag til vedtak

Ryfylke vassområdeutval godkjenner overvåkingsprogram for 2022-2027 slik den er lagt fram. Overvakinga har til hensikt å avdekke og sjå utviklinga av den økologiske tilstanden i innsjø og elver, slik at vassområde har eit godt kunnskapsgrunnlag i sitt arbeid med å forbetre vassmiljøet.

Høgt prioriterte vassførekomstar er dei:

- som tidlegare ikkje har fått godkjent tilstand
- som er særleg prioritert i gjeldande vassforvaltningsplan (i forhold til forureining og eller elvemusling)
- som tidlegare ikkje er undersøkt og der det er mistanke om negativ påverknad
- som har store brukarverdiar (drikkevatt, bading, fiske osv)

Ein legg opp til eit samla budsjett på 1.800.000 i perioden 2023-27 med delt kostnad mellom Statsforvaltar (80%) og kommunane. Vassområdeutvalet legg til grunn at kvar enkelt kommune sett av midlar tilsvarende 20 % av kostnad av overvaking i eigen kommune.

Behandling

Det blei vist til at det har vært utfordringar knytt til utslepp frå Stangeland Maskin AS sitt steinbrot i Dalen, Strand kommune. Det har vore eit politisk ønske om at vassprøvar i området blir teke av ein uheldig part. Det blei stilt spørsmål om prøvetaking i Dalen burde inngå i planen til vassområde.

Det blei vist til at framlagt overvåkingsplan gjeld område der ein har, eller har mistanke til lokal påverknad frå landbruk og avløp (eutrofiering/organisk belastning). Problemstillinga i Dalen er annleis, dermed også metodar og prøvefrekvens.

Det var semje om at vassområde stiller seg positiv til ei mogleg førespurnad om å ta vassprøvar frå Dalen.

Framlegg til vedtak blei einstemmig vedteke.

Vedtak

Ryfylke vassområdeutval godkjenner overvåkingsprogram for 2022-2027 slik den er lagt fram. Overvakinga har til hensikt å avdekke og sjå utviklinga av den økologiske tilstanden i innsjø og elver, slik at vassområde har eit godt kunnskapsgrunnlag i sitt arbeid med å forbetre vassmiljøet.

Høgt prioriterte vassførekomstar er dei:

- som tidlegare ikkje har fått godkjent tilstand
- som er særleg prioritert i gjeldande vassforvaltningsplan (i forhold til forureining og eller elvemusling)
- som tidlegare ikkje er undersøkt og der det er mistanke om negativ påverknad
- som har store brukarverdiar (drikkevatt, bading, fiske osv)

Ein legg opp til eit samla budsjett på 1.800.000 i perioden 2023-27 med delt kostnad mellom Statsforvaltar (80%) og kommunane. Vassområdeutvalet legg til grunn at kvar enkelt kommune sett av midlar tilsvarende 20 % av kostnad av overvaking i eigen kommune.

Sak 11/22: Diskusjonssaker

a) Miljøtilstand i fjordane.

Ørjan Simonsen innleia. Våre kystvassførekomstar har ein miljøtilstand som varierer frå svært dårleg til svært god. Tilstand varierer også over tid, t.d. Hjelmelandsfjorden. Det kjem ny og samla kunnskap/rapport med det første.

Det blei vist til kildefordelte tilførsler av nitrogen og fosfor til norske kystområde:

<https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2022/mars/kildefordelte-tilforsler-av-nitrogen-og-fosfor-til-norske-kystomrader-i-2020-tabeller-figurer-og-kart/>

Det blei foreslått å ha eit felles møte i vassregionen til hausten der økologisk tilstand i kystområda er eiga tema. Vassregionmyndigheita vil sjå nærare på dette.

b) Badevasskvalitet

Jarle Lunde innleia. I aktivitetsmål for 2021/22 heiter det: «Vasskvalitet på offentlege tilrettelagte badeplassar må undersøkast og data må synleggjerast for publikum. Mål om at alle skal ha badevasskvalitet.»

Sandnes, Strand, Hjelmeland, Sauda og Ullensvang tek i dag prøvar og legg resultata ut på sine heimesider. Også media har publisert data. Standardiserte metodar.

Semje om å oppfordra Suldal og Gjesdal om å starta tilsvarande målingar.

Sak 12/22: Eventuelt

Ingen saker